

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatile Lilletvedt	FE - 033, TI - &17	18/242

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2018	Arbeidsmiljøutval	PS	26.11.2018

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Arbeidsmiljøutval - 009/2018

AMU - behandling:

Assisterande rådmann orienterte om:

- Sjukefråver 2018 pr. 3. kvartal. Sjukefråveret i 2018 er pr 3. kvartal 6%, noko som er vesentleg lågare enn 2017. To tiltak har vore prioritert å arbeide med: leiar før lege og eigenmelding før sjukemelding.
- Status vernerundar: Utført for 2018, utanom Helsesenteret, der ein skal ha vdernerunde 10. des. Har utarbeidd ny rutine som vert lagt inn i kvalitetsstyringssystemet. Rapport til rådmannen innan 31.12 kvart år
- Modalen kvalitet – status: Elektronisk kvalitetsstyringssystem - KF kvalitet. Ligg på kommunen sitt Intranett og er tilgjengeleg for alle tilsette. Mykje er allereie på plass og målet er at alle modulane skal vere klare og i bruk i løpet av 1. kvartal 2019.
- Status handlingsplan bedriftshelsetenesta: Dei fleste planlagte tiltaka for 2018 er gjennomført, medan nokre er på vent.
- Medlevarturnus på Modalstunet – status: Det er sendt søknad til NSF sentralt om å få nytte medlevarturnus. Dette vart etter kvart eit krav frå NSF lokalt. Pr. no ventar me på svar. Svaret frå dei vil styre vidare utvikling i saka. Det vil difor ikkje vere aktuelt med oppstart allereie frå januar 2019, då det er mykje arbeid med mellom anna turnusplanlegging/bemanningsplan som må gjerast før ein evt kan setje gong forsøksprosjektet. Dei tillitsvalde er nøgd med informasjon og prosessen som har vore fram til no i denne saka. Eit viktig punkt i det vidare arbeidet, dersom medlevarturnusen vert

starta opp, er informasjon og involvering frå tillitsvalde i når det skal utarbeidast bemanningsplan/turnus for dei tilsette som ikkje skal gå i medlevarturnus.

AMU - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering